



Frode Hindenes
Lurevegen 164a
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5615 - 22/57893

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
22.07.2022

Fritak frå kravet om gjødselplan - GBNR 21/9 Hindenes ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 808/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Frode Hindenes dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.08.2027 for gbnr 21/9 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Foretaket **Frode Hindenes** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 21/9. Dagens driftsomsfang er 5 vinterfora sauer som går 40 veker på utmarksbeite og 12 veker på innmarksbeite. Driftsformen er utgangardrift og det vert difor ikkje oppsamla gjødsel. Søkjer eig 10 daa overflatedyrka mark. Søkjer har opplyst at han bruker ikkje noe form for gjødsel hverken på dyrka mark eller beiteområder. Dette er på grunn av at han har lavt dyrehold og kjøper vinterfor.

GDE = 0

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 22/5615 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Frode Hindenes

Lurevegen 164a

5912 SEIM